

# Smittevernplan for Giske kommune 2020

Revidert 04.10.2021

**Snarvegar (lenker) og telefonnummer:**

[Folkehelseinstituttet](#)

Smittvernvakta:

[Tema: Sesonginfluensa](#)

[Smittevernhandboka](#)

[Statens Helsetilsyn](#)

[Helsedirektoratet.no](#)

Kommuneoverlegen i Giske

Tlf 701 88 000/

Mob 934 62 221

## INNHALD:

<b>KOMMUNALE ORGAN</b>	<b>3</b>
Kommuneoverlege	4
<b>KOMMUNALE RESSURSER OG STATLEGE SAMARBEIDSINSTANSAR. OPPGÅVER I NORMALSITUASJONEN</b>	<b>5</b>
Kommunehelsetenesta	5
Statlege samarbeidspartnarar	6
<b>KUNNSKAPSKJELDER</b>	<b>7</b>
Internett:	7
På kommuneoverlegens kontor på Legesenteret i Giske:Feil! Bokmerke er ikkje definert.	
Oversikt over infeksjonssjukdommar i kommunen. <u>MSIS.</u>	8
<b>LOKALE FORHOLD</b>	<b>8</b>
<b>TUBERKULOSE</b>	<b>8</b>
<b>ASYLSØKARAR, FLYKTNINGAR OG ANDRE INNVANDRARAR</b>	<b>9</b>
<b>HIV/AIDS</b>	<b>9</b>
<b>TILTAK MOT ANTIBIOTIKARESISTENS</b>	<b>9</b>
<b>MILJØRETТА HELSEVERN</b>	<b>9</b>
<b>SMITTEVERN I BEREDSKAPSSITUASJONAR</b>	<b>10</b>
<b>PANDEMISK INFLUENSA.</b>	<b>12</b>
Oppgåver for Kommuneoverlegen	Feil! Bokmerke er ikkje definert.
<b>LOVER MED FORSKRIFTER</b>	<b>12</b>

## INNLEIING

I Smittevernlova § 7-1 heiter det m.a.

*«Tiltak og tjenester for å forebygge smittsomme sykdommer eller motvirke at de blir overført, skal utgjøre et eget område i planen for kommunens helsetjeneste.»*

I § 7-2 i same lova heiter det m.a.:

*«Kommunelegen skal*

- a) utarbeide forslag til plan for helse- og omsorgstjenestens arbeid med vern mot smittsomme sykdommer, herunder beredskapsplaner og -tiltak, og organisere og lede dette arbeidet,*
- b) ha løpende oversikt over de infeksjonsepidemiologiske forholdene i kommunen,*
- c) utarbeide forslag til forebyggende tiltak for kommunen,*
- d) bistå kommunen, helsepersonell og andre i kommunen som har oppgaver i arbeidet med vern mot smittsomme sykdommer,*
- e) gi informasjon, opplysninger og råd til befolkningen om vern mot smittsomme sykdommer,*
- f) utføre alle andre oppgaver som følger av loven eller bestemmelser i medhold av loven, og medvirke til effektive tiltak for å forebygge smittsomme sykdommer og motvirke at de blir overført.»*

Denne planen er utarbeidd i samsvar med dette av kommuneoverlege Eyvind Sommerfelt hausten 2011. Oppdatert i 2020 av kommuneoverlege Anne-Line Sommerdalen.

## KOMMUNALE ORGAN

---

Etter lova er kommunen sitt mynde i smittevernsaker lagt til kommunestyret med høve til å delegerer etter reglane i kommunelova.

Kommunen sitt delegeringsreglement (Oppdatert 2019) for Smittevernlova:

### **«1. Kommunestyret sitt mynde**

*Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret - jf. [kommunelova § 5-3](#).*

*Kommunestyret delegerer **ikkje** sitt mynde etter lova i flg. saker:*

- Gjere vedtak etter [§ 4-1, 1. ledd, bkst. a\) – e](#).*
- Vedta interkommunalt samarbeid om smittevern i samsvar med [§ 7-1, 6. ledd](#).*
- Delegere kommunelegen sitt mynde etter lova til ein/fleire legar tilsette i det interkommunale organet som kommunen har lagt smittevernoppgåvene til – jf. [§ 7-2, 4. ledd](#).*

## **2. Delegering frå kommunestyret**

**- Jf. § 4-1, 3. og 4. ledd, Møteforbud, stenging av virksomhet, begrensning i kommunikasjon, isolering og smittesnering, i lova**

*Kommunedirektøren* sørger for at vedtekne tiltak vert sette i verk etter denne paragrafen sitt 3. ledd og 4. ledd.

*Kommuneoverlegen* gjer vedtak og set i verk tiltak etter denne paragrafen sitt 5. ledd i hastesaker.

**- Jf. § 4-6, Gravferd og transport av lik, i lova**

*Kommunedirektøren* gjer vedtak etter denne paragrafen der det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret.

**- Jf. § 4-9, Plikt for helsepersonell til å gjennomgå opplæring, følge faglige retningslinjer og gjennomføre tiltak, i lova**

*Kommunedirektøren* gjev pålegg etter denne paragrafen sitt 1., 2. og 4. ledd.

**- Jf. § 7-2, 1. ledd, Kommunelegens oppgaver, i lova**

*Kommunedirektøren* peikar ut ansvarleg kommunelege med avløysar etter denne paragrafen.

## **3. Klage**

*Statsforvaltaren* er klageorgan for kommunale enkeltvedtak etter denne lova med tilhøyrande forskrifter.

## **4. Rapportering**

Vedtak gjorde av kommunedirektøren etter delegert mynde skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak etter [§ 4-9](#) i lova skal ikkje rapporterast. Vedtak gjorde av **kommuneoverlegen** etter delegert mynde etter [§ 4-1](#) i lova skal rapporterast til **livsløpsutvalet**. Vedtak gjorde av **formannskapet** skal rapporterast til **kommunestyret**.»

## **Kommuneoverlege**

Kommunen skal etter §7-2 i smittevernlova ha ein kommuneoverlege som har særskilde oppgåver og mynde i smittevernet. I Giske kommune er kommuneoverlegen oppnemnd som smittevernlege av kommunestyret.

*Når kommuneoverlegen er fråverande, har den faste vikaren for kommuneoverlegen dette myndet. I alvorlege situasjonar med stor hast og der kommuneoverlegen ikkje er tilgjengeleg, kan vakhavande lege i Giske utøve det myndet som er lagt til kommuneoverlegen.*

*I situasjonar der kommunelegen i Giske er mellombels fråverande, får kommunedirektøren mynde til å peike ut ein lege som har dei oppgåver og det mynde som går fram av dette punktet.*

## KOMMUNALE RESSURSER OG STATLEGE SAMARBEIDSINSTANSAR. OPPGÅVER I NORMALSITUASJONEN

---

### Kommunehelsetenesta

#### Legeteneste

Tlf. 701 88 500

#### Legesenteret i Giske

Kommunen har ni fastlegar og ein lege i spesialisering 1 (LIS1) som arbeider ved Giske kommunale legesenter. Legane ved legesenteret har ansvar for diagnostisering, behandling og smitteoppsporing av smittsame sjukdommar.

Vaksiner ved legesenteret:

Tetanus/difteri ved sårskader

Influenza

Pneumokokksjukdom.

Reisevaksiner og medikamentell førebyggjing i samband med dette.

Annan vaksiner som fell utanfor barnevaksinasjonsprogrammet.

Legetenesta gir rettleiing om førebyggjande smittevern.

#### Kommunal legeteneste, ikkje-kurativ:

Tlf: 7018 8000/8500

Kommuneoverlegen i Giske Kommune er tilsett i 40 % stilling.

Ein av fastlegane er tilsett i 10 % stilling som fast lege ved helsestasjon og skulehelsetenesta.

LIS1 er helsestasjonslege 7,5 timar pr. veke.

Ein av fastlegane er tilsynslege ved sjukeheimen (Skogly på Vigra omsorgssenter) 4 timar pr. veke.

Kommuneoverlegen tar del i førebyggjande oppgåver innanfor smittevern:

-hygieneinspeksjonar

-sakshandsaming i saker som vedkjem renovasjon, skadedyr, drikkevatt m.m.

Kommuneoverlegen samarbeider også nært med helsestasjonen om fastlegging av vaksinasjonsopplegg, tuberkulosekontroll o.l.

Kommuneoverlegen er medisinskfagleg rådgivar i beredskapsleiinga.

#### Legevakt

Tlf. 116117

Legevakta tar seg av akutte infeksjonssjukdommar, og vil også ha ansvaret for akutt smittevernarbeid inntil kommuneoverlegen eller vikar for kommuneoverlegen kan ta over ansvaret.

#### Helsestasjonen

Helsestasjonen held til i Giske Rådhus. Det er eit nært samarbeid mellom helsestasjonstenesta og legetenesta. Helsestasjonstenesta er grunnpilaren i det førebyggjande smittevernet med oppfølging av:

- Vaksinar etter vaksinasjonsprogrammet og ved pandemi.

- Tuberkulosekontroll med Mantoux og BCG-vaksinering.
- Undersøking av flyktningar og innvandrarak med oppfølging av tuberkulosestatus og vaksinasjonsstatus.
- Generell rettleiing i hygiene i samband med arbeidet i helsestasjon- og skulehelseteneste.
- "Aksjonar" i samband med allmennfarlege smittsame sjukdommar.
- Undervisning og helseopplysning.
- Teamleiar på helsestasjonen er vaksinekoordinator ved pandemisk influensa.

### **Heimbasert omsorg.**

**Tlf. 701 88 000**

Omsorgsdistrikta har heimebasert omsorg med døgnteneste og bukollektiv for eldre og funksjonshemma.

Vigra sjukeheim har 8 plassar i ei skjerma avdeling.

Omsorgsdistrikta og sjukeheimen sørgjer for influensavaksinering og pneumokokkvaksine til eigne pasientar og vil ved behov yte tenester til personar med smittsame sjukdommar som har behov for pleie og omsorg.

### **Statlege samarbeidspartnarar**

#### **Mattilsynet**

Mattilsynet har ansvar for godkjenning og rutinemessig tilsyn av næringsmiddelbedrifter og dermed ei sentral rolle når det gjeld å forhindre spreieing av smitte gjennom mat. Dei kan vere ein viktig ressurs for kommunehelsetenesta i kartlegging av sjukdomsutbrot der spreieing gjennom næringsmiddel er mogleg. Dei kjem med framlegg om vedtak når det gjeld prøvetakingsplan for vassverk og gir rådgiving til vassverkeigarar om tiltak ved dårleg drikkevasskvalitet.

#### **Ålesund sjukehus**

**Tlf. 701 05 000**

Spesialisthelsetenesta vil spele ei viktig rolle i diagnostisering og behandling av allmennfarlege smittsame sjukdommar. Dette skjer vanlegvis gjennom akutt innlegging, men ved behov vil ein kunne få rådgiving per telefon eller raske ambulante vurderingar etter avtale.

Visse sjukdommar skal sjukehuset gi melding om så snart diagnosen er mistenkt eller stilt. Denne meldinga skal givast skriftleg, men i når det hastar også telefonisk. På dagtid vil kommuneoverlegen vere mottakar av meldinga, elles vakthavande lege.

Undersøking av mikrobiologiske prøver vert utført ved mikrobiologisk laboratorium Ålesund sjukehus eller Molde sjukehus. I akutte situasjonar vil det kunne vere svært nyttig å ha direkte telefonkontakt med dei.

Om regionalt kompetansesenter i smittevern i helsetenesta frå smittevernlova §7-3:

*«Det regionale helseforetaket skal sørge for at det finnes et regionalt kompetansesenter i smittevern i helsetjenesten. Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om senterets oppgaver.»*

## Folkehelseinstituttet

**Smittevernvakta** tek imot skriftlege meldingar om smittsame sjukdommar og vil kunne gi råd i handtering av situasjonen rundt tilfelle av allmennfarlege smittsame sjukdommar.

**Vaksineavdelinga** vil gi råd om tenlege vaksinasjonstiltak og fatte vedtak om tildeling av gratis vaksine i særskilde situasjonar.

**Mikrobiologisk avdeling** vil kunne gi råd om vurdering av mikrobiologiske prøver og bruken av mikrobiologiske prøver i smitteoppsporing.

**Varsling ved utbrudd av smittsame sjukdommar meldast i Vesuv (DSB-CIM)**

## Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Tlf. 712 58 400

**Helsetilsynet i Møre og Romsdal ligg under Statsforvaltaren og har ein generell rådgivings- og rettleiingsfunksjon overfor kommunehelsetenesta, og kan også spørjast til råds i særskilde situasjonar.**

Helsetilsynet i Møre og Romsdal skal gi fagleg uttale om eventuelle tvangssaker som skal til smittevernemnda, og vil vere klageinstans for kommunale vedtak etter smittevernlova.

## Statens Helsetilsyn

Har ansvar for overordna tilsyn og retningslinjer. Helsetilsynet vil berre kome inn med utøvande mynde i meir kriseprega situasjonar av nasjonal karakter.

## Helse og omsorgsdepartementet

### Helsedirektoratet.

Ligg under helse- og omsorgsdepartementet.

### **Offentlege tenestemenn.**

Ifølge smittevernlova skal tenestemenn m.a. i politiet, ved flyplassar, tollvesen og losvesen vere merksame og om naudsynt gi melding om mogeleg smittsam sjukdom til helsevesenet.

## **KUNNSKAPSKJELDER**

---

### **Internett:**

- [Smittevernveilederen frå Folkehelseinstituttet](#)
- [Smittevern i barnehagar](#)
  - [Anbefalingar om når sjuke barn skal haldast heime.](#)
- [Tuberkuloseveilederen](#)
- [Temaside om tuberkulose frå Folkehelseinstituttet](#)
- [Forskrift om tuberkulosekontroll](#)
- Anna materiell som det er vist til i denne planen.

## Oversikt over infeksjonssjukdommar i kommunen. [MSIS.](#)

Det er etablert eit meldesystem for infeksjonssjukdommar - MSIS - under Statens folkehelseinstitutt. Utvalde legesenter sender kvar veke tal på registrerte tilfelle av visse infeksjonssjukdommar. Allmennfarlege smittsame sjukdommar skal meldast namngitt både til kommuneoverlege og til Folkehelseinstituttet.

Folkehelseinstituttet legg ut oversikter over førekomsten av desse sjukdommane på [www.msis.no](http://www.msis.no) . Gjennom desse oversiktene held kommuneoverlegen seg fortløpande orientert om infeksjonstilstanden i kommunen.

Nasjonalt senter for e-helseforskning sender kvar veke ut ein rapport over påvist sjukdom i luftvegar og mage/tarm i Møre og Romsdal siste 30 dagar på e-post til kommuneoverlegen.

## [Reisemedisinsk håndbok](#)

Handbok som blir oppdatert årleg. Inneheld vaksineanbefalingar for alle land i verda og behandling av smittsame sjukdomar.

## Melding om vaksinekomplikasjonar.

”Sysvak- melding om uønsket hendelse etter vaksinasjon” skal alltid utfyllast og sendast til SYSVAK. Adressa står på skjemaet.

## LOKALE FORHOLD

---

Ålesund Lufthavn ligg i Giske kommune. Lufthavna kan bli inngangsport for allmennfarlege smittsame sjukdomar frå utlandet.

## TUBERKULOSE

---

Sjå FHI [Førebyggjing og kontroll av tuberkulose.](#)

### Plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking

Etter forskrift om tuberkulosekontroll har følgande personar plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll:

«Følgende personer har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøkelse:

- a) *Personer fra land med høy forekomst av tuberkulose, som skal oppholde seg mer enn tre måneder i riket med krav om oppholdstillatelse, registreringsbevis eller oppholdskort, samt flyktninger og asylsøkere.*
- b) *Personer som i løpet av de siste tre årene har oppholdt seg i minst tre måneder i land med høy forekomst av tuberkulose, og som skal tiltre eller gjeninntre i stilling i helse- og omsorgstjenesten, i lærerstillinger eller i andre stillinger knyttet til barneomsorg. Plikten gjelder også personer under opplæring eller hospitering i slike stillinger. Plikten gjelder også personer som skal være i Norge som ledd i kulturutveksling, frivillig arbeid eller lignende og skal ha nær kontakt med barn.*
- c) *Andre personer som det er medisinsk mistanke om er eller har vært i risiko for å bli smittet med tuberkulose.»*



## ASYLSØKARAR, FLYKTINGAR OG ANDRE INNVANDRARAR

---

Sjå Helsedirektoratet sin veileder [Helsetjenester til asylsøkere og flyktinger - Veileder](#)

Politiet sender melding til kommuneoverlegen og helsestasjonen om alle utanlandske statsborgarar som busett seg i Giske kommune.

Helsestasjonen følger opp rutinemessig undersøking for tuberkulose for flyktingar og born i samarbeid med kommuneoverlege. Kommuneoverlege følger opp andre innvandrarakar.

Brevmalar og oversikt over innkalling til og oppfølging av tuberkuloseundersøking er tilgjengeleg for kommuneoverlegen i journalsystemet ved Giske kommunale legesenter.

## HIV/AIDS

---

Frå Folkehelseinstituttet:

«Totalt er det per slutten av 2018 diagnostisert 6468 hivpositive i Norge (4382 menn og 2086 kvinner). Det er beregnet at det per 2018 er anslagsvis 4500-5000 personer som lever med hivinfeksjon i Norge.»

«Totalt har meldte hivtilfeller i Norge falt med 30 % i perioden 2008 til 2017.»

For oppdaterte opplysningar: [Hivinfeksjon/Aids - Veileder for helsepersonell](#)

Diagnostisering og smitteoppsporing blir gjort ved legesenteret. Alle gravide har tilbod om HIV- testing og alle som oppsøker lege pga. risikosituasjonar blir testa.

## TILTAK MOT ANTIBIOTIKARESISTENS

---

- God diagnostikk av infeksjonssjukdomar og årsak.
- Unngå unødig bruk av antibiotika.
- Informasjon til pasientar og pårørande om at mange av dei hyppigaste infeksjonssjukdomane (forkjøling, øyrebetennelse, augekatarr, unrinvegsinfeksjonar hos eldre) ikkje krev bruk av antibiotika.
- Gode rutiner for basale hygienetiltak i helse- og omsortstenestene i kommunen

## MILJØRETТА HELSEVERN

---

Kap. 4a i kommunehelselova om miljøretta helsevern gir Giske kommune, evt delegert til annan instans mynde til å godkjenne, granske og gje pålegg til verksemd som direkte eller indirekte kan ha verknad på helsa, herunder smittefare. Dette kan gjelde:

### Vatn

Statens mattilsyn gjennomfører jamnleg kontroll av drikkevatnet i Giske kommune.

## Avfall

Blir handtert etter avfallsplanene, som tek omsyn til smittefare.

## Skadedyr.

Gjeld særleg rotter. På privat eigedom har eigar ansvaret for rotteutrydding. Kommunen har ansvaret i offentlege anlegg som hamner, kloakkleidningar osb. Fleire private firma driv rotteutrydding.

## Smittevern skuler og barnehagar.

Ein viser til [Smittevernveilederen frå Folkehelseinstituttet \(sjå under Kunnskapskjelder\)](#).

## Frisør- hudpleie-, tatoverings- og holtakingsverksemd.

Dette er verksemdar som skal ha eit internkontrollsystem. Før oppstart skal lokala godkjennast av kommuneoverlegen etter [Forskrift om hygienekrav for frisør- hudpleie, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet](#).

## SMITTEVERN I BEREDSKAPSSITUASJONAR

---

*Ein beredskapssituasjon ligg føre når det er påvist tilfelle av allmennfarleg smittsam sjukdom på staden eller i nærliggande kommuner, eller helsestyresmaktene gir varsel om at ein slik sjukdom kan kome.*

### 1. Ny mistanke om eller stadfesta allmennfarleg smittsam sjukdom:

Legen som behandler ein pasient med slik sjukdom, har ansvaret for å varsle kommuneoverlegen umiddelbart. Legen har også ansvaret for behandling og informasjon til pasienten med næraste familie og sending av påbodne meldingar.

Viss vakthavande lege får melding frå sjukehus eller andre om allmennfarleg smittsam sjukdom, skal kommunoverlegen få varsling umiddelbart. Dersom kommuneoverlegen eller vikar ikkje er å få tak i, har vakthavande lege ansvaret for å setje i verk dei tiltaka som er naudsynt og hastar inntil ansvaret kan overførast til kommuneoverlegen.

### 2. Innhenting av kunnskap

[Smittevernveilederen](#)

[Folkehelseinstituttet](#) (Folkehelseinstituttet)

Tlf. 210 77

000

**Smittvernvakta:**

**Tlf. 210 76 348**

[Tema: Sesonginfluensa - Folkehelseinstituttet](#)

[Statens Helsetilsyn](#)

Tlf. 215 29 900

[Helsedirektoratet.no](http://Helsedirektoratet.no)

Tlf: 474 72 020

### 3. Kartlegging

Situasjonen og faktiske forhold.

Mest mogleg nøyaktig diagnose. Kontakt sjukehus og mikrobiologisk laboratorium.

Kartlegg familietilhøve og nærmiljø for å vurdere førebyggjande tiltak her.

## **Informasjon**

1. Varsle legevaktsentral og legar som skal ha legevakt
2. Vurder behovet for allmenn informasjon. Det er som regel mest tenleg med ein offensiv informasjonsstrategi, men personvern og teieplikt må også ivaretakast.
3. Rask skriftleg informasjon til barnehage, skule eller arbeidsstad.
4. Lag pressemelding til avisene og ver ute i forkant, gir ofte meir korrekt og presis informasjon enn raske intervju.
5. Ver klar og tydeleg og i samsvar med gjeldande retningsliner. Ikkje eksponer nøling og usikkerheit.
6. Kontroller at melding til Folkehelseinstituttet er sendt.

## **Andre tiltak som må vurderast ut frå den konkrete diagnosen, gjeldande retningsliner og eventuelt råd frå Folkehelseinstituttet**

- Behandling eller vaksinerings av nærkontakter
- Massevaksinerings
- Koking av drikkevatn
- Kontaktreduserande tiltak
- Bruk av munnbind
- Handhygiene
- Testing, smittesporings og karantenesetting
- Isolering av sjuke
- Tilpassa tiltaksnivå i barnehagar og skular
- Restriksjonar av reiser til/frå utlandet
- Registrering av deltakarar på ulike arrangement

## **Relasjon til anna planverk**

Smittevernplanen vil inngå i Plan for helsemessig og sosial beredskap.

## PANDEMISK INFLUENSA.

---

Influensapandemiar er store, verdsomspennande epidemiar av influensa som opptrer med varierende mellomrom, og som kan få omfattande skadeverknader helsemessig og økonomisk. I vår del av verda blir pandemiar av smittsame sjukdommer rekna som ein av dei mest sannsynlege årsakene til akutte krisetilstandar.

Kommunen har utarbeidd ein eigen pandemiplan som ligg som vedlegg til smittevernplanen. Pandemiplanen er laga med tanke på pandemisk influensa, men kan også nyttast ved utbrot av annan smittsam sjukdom.

### Aktuelle dokument/kjelder:

Pandemiplan for Giske kommune	Vedlegg til smittevernplanen
Pandemiberedskap legetenesta (Tilgjengeleg i DSB-CIM)	Ei sjekkliste frå dsb for Svineinfluensaen i 2009. Utfylt på relevante punkter for legetenesta.
Massevaksinasjon plan Giske kommune (Tilgjengeleg i DSB-CIM)	Detaljert plan frå 2009.
Tiltakskort for pandemi i DSB-CIM	
<a href="#">Pandemikalkulator</a>	For berekning av forventa sjukdomsbyrde og belastning på helsetenesta Kjelde: Folkehelseinstituttet
<a href="#">Planveileder</a> for massevaksinasjon influensa	Kjelde Folkehelseinstituttet
<a href="#">Koronavaksinasjonsveilederen</a>	Kjelde: Folkehelseinstituttet
<a href="#">Tiltaksplan for koronavaksinasjon</a>	Kjelde: Folkehelseinstituttet
<a href="#">Sjekkliste</a> massevaksinasjon	Kjelde: Folkehelseinstituttet
<a href="#">Pandemi Nasjonal beredskapsplan</a>	Frå Folkehelseinstituttet
<a href="#">Nasjonale faglige råd om pandemiplanlegging</a>	Frå Helsedirektoratet

### LOVER MED FORSKRIFTER

---

[Lov av 15. juni 2001 nr. 93 om helseforetak m.m.](#)

[Lov av 23. juni 2000 nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap](#)

[Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell](#)

[Lov av 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelseteneste](#)

[Lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommer](#)

- [Forskrift av 1. januar 1995 nr. 100 om allmennfarlige smittsame sjukdomar](#)

[Sosialtjenesteloven](#)

[Helse- og omsorgstjenesteloven](#)

Tilgang til alle oppdaterte lover og forskrifter: [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)